



SAKSHANDSAMAR  
Ingrid Smedstad

VÅR DATO  
27.10.2021

postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

VÅR REF.  
20/10862-9

DYKKAR REF.

DYKKAR DATO

Stiftelsen William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers  
minne  
Olden  
6788 OLDEN

## **Dalheim, gnr. 86, bnr. 27, Stryn kommune. Vedtak om freding**



Vi viser til fredingsforslag for Dalheim («Singerheimen») datert 04.06.2020 som har vore på høyring hos aktuelle partar og instansar, og til mindre endringar i forslag datert 08.06.2021 som har vore på avgrensa høyring til eigar. På grunnlag av dette fattar Riksantikvaren følgjande vedtak:

**VEDTAK:**

Med heimel i lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 §§ 15 og 19, jf. § 22, fredar Riksantikvaren eigedomen Dalheim, gnr. 86, bnr. 27, Stryn kommune, Vestland fylke.

**Omfanget av fredinga**

Fredinga etter kulturminnelova § 15 omfattar følgjande bygningar og anlegg:

OBJEKTNAVN	ASKELADDEN-ID	BYGNINGSNR.	OMFANG
Villa	263491-1	178539396	Interiør * og eksteriør
Studio	263491-2	178539388	Interiør ** og eksteriør
Mausoleum	263491-3	178539469	Interiør og eksteriør
Eldhus med kafé	263491-4	178539434	Interiør og eksteriør
Drengestove/ tenarbustad	263491-5	178539426	Interiør og eksteriør
Stabbur	263491-6	178539723	Interiør og eksteriør
Driftsbygning	263491-7	178539418	Interiør og eksteriør
Bungalow	263491-8	178539442	Interiør og eksteriør
Vedhus	263491-9	178539450	Interiør og eksteriør
Hage	263491-10		Utomhuselement ***

Fredinga omfattar bygningane sine eksteriør og interiør. Hovudelement som planløyising, materialbruk og overflatebehandling og detaljer som vinduer, dører, gerikter, listverk, eldstadar og fast inventar er og omfatta av fredinga.

\* Følgjande rom på loftet i villaen er unntatt frå interiørfredinga: 2.6, 2.7, 2.8, 2.9, 2.11, 2.12 og 2.13. (Nummereringa viser til planteikning «Romoversikt 2. etasje», dokumentasjonsvedlegg kap. 2.2. Vedlegg 2).

\*\* Endringar av interiøret frå tida etter 1962 er ikkje omfatta av fredinga.


Fredinga omfattar hageanlegg merka av på kartet nedanfor. Yttergrensa for §15-området følger eigedomsgrensa for gnr. 86, bnr. 27 mot vest og nord og elles grensa for §19-området.

\*\*\* Hagen var tidlegare i bruk både som pryd- og nyttehage og omfattar ei rekkje enkeltobjekt. (For utfyllande omtale sjå: Dokumentasjonsvedlegg kap. 2.11, vedlegg 2 og Tilleggsdokumentasjon av hagen, vedlegg 3.)

Fredinga omfattar større laust inventar som er spesifisert på vedlagt liste (vedlegg 1).

Fredinga etter kulturminnelova § 19:

Fredinga etter kulturminnelova § 19 omfattar austre del av eigedomen merka av på kartet nedanfor. Fredingsgrensa følger dels eigedomsgrensa for gnr. 86, bnr. 27 og dels grensa mot hagen (§ 15-området). Askeladden id 263491-11.



## Formålet med fredinga

Formålet med fredinga er å bevare Dalheim som eit kulturhistorisk og arkitektonisk viktig eksempel på eit komplett anlegg med bustad og arbeidsplass for eigarar, gjester og tilsette i første halvdel av 1900-talet. Den sosialhistoriske og bygningshistoriske dimensjonen i dette anlegget er og særst interessant. I norsk samanheng er det spesielt at dei ulike bygningane og deira funksjoner i det heilskaplege anlegget så tydeleg viser forholdet mellom eigarar og tilsette med skilnad i sosial stand og ulike roller og oppgåver.

Bygningsmassen viser ein kombinasjon av tradisjonell vestlandsk byggeskikk og sveitserstilsarkitektur med sterk påverknad frå amerikansk sørstatsarkitektur og den internasjonale Arts & Crafts-rørsla.

Fredinga etter kulturminnelova § 15 skal sikre enkeltbygningane, den innbyrdes samanhengen mellom bygningane, samanhengen mellom bygningane og hageanlegget samt kulturhistoriske verdiar knytte til anlegget som heilskap. Anlegget viser utviklinga over tid i perioden då ekteparet Anna Brugh Singer og William H. Singer jr. brukte det.

Formålet med fredinga av bygningane sitt eksteriør er å sikre bygninganes arkitektur, både hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljar så som fasadeløysing og opphavlege/eldre vindaug og dører. Originale materialar og overflater skal bevarast.

Formålet med fredinga av interiør i bygningane er å bevare rominndeling, bygningsdelar og overflater i dei interiøra som er kulturhistorisk interessante. Fast og spesifisert større laust inventar skal bevarast som ein integrert del av interiøret. Ved å frede inventaret blir den heilskaplege samanhengen mellom eksteriør, interiør og inventar sikra. Inventaret er viktig som døme på bruken og drifta av anlegget. Ekteparet Singer var gjennom deira levemåte og virke svært tydelege eksponentar for internasjonale kulturelle impulsar i samtida.

Fredinga av hageanlegget som heilskap skal sikre anlegget som eit godt døme på tendensar i europeisk og amerikansk hagekunst frå første halvdel av 1900-talet. Hagen på Dalheim var som både pryd- og nyttehage sterkt påverka av Arts & Crafts-rørsla sine ideal og var ein særst viktig del av heilskapen i anlegget og ei kompositorisk ramme kring bygningane.

Formålet med freding av området etter kulturminnelova § 19 er å sikre verknaden av bygningane og hagen gjennom å oppretthalde anlegget sin karakter av bustad integrert med hage og gardsdrift i eit opent kulturlandskap. Både ved arkitektur og fargebruk på bygningane samt terrassering og annan utforming av hage og innmark, skil anlegget seg svært tydeleg frå jordbruksareal og busetnad på naboeigedomane. Fredinga skal og sikre vitskaplege interesser som er knytt til den nære samanhengen mellom dei freda kulturminna og det freda området.

William H. Singer jr. si rolle som kunstnar og ekteparet Singer si viktige samfunnsmessige rolle som kunstsamlarar og mesenar førte til at Dalheim blei ein samlingsplass og tidvis bustad for fleire kunstnarar. Dette er også ei viktig side ved Dalheims historie som kommer klart til uttrykk i anlegget og som vil bli sikra ved fredinga av eigedomen.

## **Fredingsføresegner**

Fredingsføresegnene er utforma i samsvar med formålet med fredinga. Dei gjeld i tillegg til kulturminnelova sine føresegnar om vedtaksfreda kulturminne frå nyare tid.

### Kulturminne freda etter kulturminnelova § 15

#### Bygningane

1. Det er ikkje tillate å skade, rive eller flytte bygningane eller deler av dei.
2. Det er ikkje tillate å byggje om bygningane sine eksteriør eller interiør, med unntak for eventuelle tilbakeføringar, jf. pkt. 5.
3. Det er ikkje tillate å skifte ut bygningselement eller materialar, endre overflater eller utføre anna arbeid ut over vanlig vedlikehald på bygningane sine eksteriør, interiør eller konstruksjonar, med unntak for eventuelle tilbakeføringar, jf. pkt.5.
4. Alt vedlikehald og all istandsetting skal skje med tradisjonelle materialar og metodar i tråd med bygningane sin eigenart og på ein måte som ikkje reduserer dei arkitektoniske og kulturhistoriske verdiane.
5. Det kan i særlege tilfelle bli gitt løyve til å tilbakeføre bygningar og andre anlegg til tidlegare utsjånad og/eller konstruksjon. Det er ein føresetnad at tiltak blir gjort på eit sikkert, dokumentert grunnlag og etter dispensasjon frå forvaltingsmyndigheita.
6. Etter dispensasjon frå forvaltingsmyndigheita kan dei tre drivhusa og ishuset som er fjerna, byggast opp att med eksteriøra i kopi av dei originale bygningane basert på tilgjengeleg dokumentasjon.
7. Større laust inventar som inngår i fredinga, jf. vedlagde liste (vedlegg 1), må ikkje bli skada. Freda inventar skal ikkje fjernast frå eigedomen. Forvaltingsmyndigheita kan gje dispensasjon for mellombels fjerning av inventarstykke i samband med tidsavgrensa utstillingar eller naudsynte reparasjonar eller istandsetting. Om naudsynt, kan freda inventarstykke lagrast mellombels i eigna rom på eigedomen.

## Hagen

8. Det er tillate å drive ordinært skjøtsels- og vedlikehaldsarbeid i hagen. Det er ikkje tillate å gjere endringar, fjerne element eller tilføre nye element som kan endre karakteren til hageanlegget i vesentleg grad eller motverke formålet med fredinga. Unntak frå dette er tilbakeføring til opphavleg eller tidlegare utsjånad, jf. pkt. 5.
9. Det er ikkje tillate å fjerne tre, buskar eller strukturar frå tida før 1963. Dersom det likevel blir naudsynt å fjerne slike tre og buskar, skal vekstar av same type plantast på same stad. Tre som må fjernast på grunn av sjukdom, skade eller alder, skal erstattast med så store tre som mogleg.

## Område freda etter kulturminnelova § 19

10. Innanfor det freda området må ein ikkje sette i verk tiltak eller bruksendringar som kan endre eigeodomen sin karakter eller på annan måte motverke formålet med fredinga. Dette gjeld alle former for bygg og anlegg, nybygg av veg eller parkeringsplass, oppsetting av gjerde eller skilt, endring av planting eller belegg, planering, utfylling og andre landskapsinngrep. Unntak frå dette er tilbakeføring til opphavleg eller tidlegare utsjånad, jf. pkt. 5.

## Forvaltingsplan

11. Det bør utarbeidast ein forvaltingsplan for drift av eigeodomen. Planen bør omfatte retningsliner for bruk, vedlikehald og eventuell tilbakeføring, og rullerast jamleg. Forvaltingsplanen skal leggjast fram for forvaltingmyndigheita.

## **Følgjer av fredinga**

### Lovheimel

Når det gjeld handsaminga av freda hus og anlegg og område, gjeld kulturminnelova §§ 15a, 16, 17, 18, 19 og 21, samt fredingsføresegner som nemnde ovanfor.

Arbeid som krev løyve etter plan- og bygningslova, må også leggjast fram for kommunale styresmakter. Løyve etter kulturminnelova må vere gitt før arbeid i tråd med plan- og bygningslova kan bli satt i verk.

### Vedlikehald

Eigar har ansvaret for vedlikehaldet av freda bygningar og anlegg. Det grunnleggjande prinsippet for vedlikehald av freda bygningar er å bevare mest mogeleg av dei opphavlege eller eldre bygningselementa og detaljar som kledning, vindauge, dører, listverk, gerikter og overflatebehandling. Vedlikehald av freda bygningar og anlegg skal så langt som mogeleg skje i samsvar med opphavsleg utforming, teknikk og materialbruk og i samsvar med fredingsføresegnene.

Meir informasjon om vedlikehald og forvaltning av freda bygningar og anlegg finst på Riksantikvaren si nettside.

### Dispensasjon

Fredinga medfører at det må søkjast om løyve/dispensasjon til å sette i gang alle former for tiltak som går ut over vanleg vedlikehald, jf. kulturminnelova §§ 15a og 19 tredje ledd. Søknad om løyve skal sendast til fylkeskommunen som avgjer om tiltaket kan setjast i verk, ev. på kva vilkår. Dersom det oppstår tvil om kva som kan reknast som vanleg vedlikehald, skal ein også kontakte fylkeskommunen. Riksantikvaren er klageinstans for vedtak om dispensasjon fatta av fylkeskommunen.

For meir informasjon sjå dispensasjonsvegleiar (vedlegg 5).

### Økonomisk tilskot

Det er høve til å søkje fylkeskommunen om tilskot til vedlikehald og istandsetting.

Dersom det etter kulturminnelova § 15a blir gitt dispensasjon med vilkår som verkar fordyrande på arbeidet, skal det gis heilt eller delvis vederlag for utgiftsauken, jf. kulturminnelova § 15a andre ledd.

Fylkeskommunen har informasjon om frist for innsending og krav til søknad.

### **Kort karakteristikk av anlegget**

Anlegget består av ni bygningar: studio/atelier (1914), villa (1921), kafé med eldhus, tenarbustad/drengestove, stabbur, driftsbygning (1932), vedhus, bungalow (1937) og mausoleum (ca. 1947). Bygningane er omgjeve av dyrka mark og hageanlegg med tre og blomsterrabattar, bakkemurar og stiar samt ein jordkjellar bygd inn i bakkemuren nedanfor kjøkkeninngangen til villaen. Arkitekt Jens Munthe Bull (arkitektfirmaet Schak Bull & Søn,

Bergen) har teikna villaen etter innspel frå Anna Brugh Singer. Bull teikna truleg også fleire av dei eldste husa.

Bygningane viser ein kombinasjon av fleire ulike arkitektoniske element og stilartar. Utforminga av villaen er påverka av amerikansk sørstatsarkitektur. Sveitserstilen slik vi finn han i Noreg, er tydeleg i utforminga av studioet, vedhuset og bungalowen. Vestlandsk byggeskikk og tunstruktur pregar også anlegget. Sju av bygningane er måla i ein skarp grøn farge. Arkitekturen og hageanlegget med både pryd- og nyttevekstar er vidare sterkt prega av Arts & Crafts-rørsla sine ideal og tankesett, slik det har kome til uttrykk både i europeisk og amerikansk arkitektur. Huset og hagen dannar ein heilskapleg komposisjon.

Sjå vedlagte dokumentasjon for ei nærare skildring av eigedomen.

### **Vurdering av anlegget. Grunngeving for fredingsvedtaket**

Anlegget på Dalheim har ein svært høg grad av autentisitet knytt til bygningane sitt eksteriør og interiør samt til hagen frå tida då ekteparet Singer budde der i første halvdel av 1900-talet.

Mykje av inventaret i form av møblar og gjenstandar knytt til både ekteparet Singer, gjestar og tilsette er framleis bevart i bygningane og pregar dei respektive romma. Anlegget er i stor grad bevart som då Anna Brugh Singer døydde i 1962. Autentisiteten er avgjerande for ei heilskapleg forståing av arbeids- og butilhøva i eit slikt anlegg og korleis anlegget vart drifta, og gjer også at anlegget har svært høg kunnskaps- og opplevingsverdi.

Dalheim er eit særst godt døme på arkitekturen knytt til Arts & Crafts-rørsla sin tenkemåte. Anlegget har dessutan fleire typiske amerikanske trekk som er kombinert med trekk frå den tradisjonelle vest-norske byggeskikken. Særleg villaen har mykje til felles med arkitekturen i området der Anna Brugh Singer vaks opp i Maryland, USA. Denne stilen er så kombinert med vestnorsk byggestil i dei små bygningane i bakkant av villaen, drengestova, stabburet og kaféen, som har ei utforming og plassering tydeleg inspirert av dei vestlandske klyngetuna.

Hagen med bakkemurar, stiar, hagegangar og blomsterrabattar utforma i tråd med Arts & Crafts-ideologien, var ein særst viktig del av det heilskaplege anlegget. Omkring og mellom alle bygningane vart det planta prydplanter, buskar og tre. Hagen var bygd opp for både rekreasjon og nytte og som ei vakker ramme rundt bygningane. På garden vart det dyrka store mengder prydplanter, og ei stor mengde nyttevekstar som saman med produksjonen frå gardsdrifta, vart nytta i hushaldet. Jordkjellaren var viktig i denne samanhengen. På grunn av det bratte terrenget var store delar av eigedomen bygd opp med bakkemurar og større og mindre terrassar. Framleis er dei fleste av desse strukturane bevarte, og dei er ei viktig kjelde til kunnskap om utforminga og bruken av anlegget.



Dalheim er bygd som sommarbustad og arbeidsstad for ekteparet Anna Brugh Singer og William H. Singer jr., men vart i fleire år nytta som heilårsbustad. Dalheim var også i periodar bustad for andre kunstnarar. Det eldste huset, studioet, vart bygd som atelier for William H. Singer jr. I tillegg til andre funksjonar skulle bygningane og romme delar av ekteparet si store samling av kunst og antikvitatar. Anlegget vart utvikla gjennom mange år som resultat av skiftande behov. Ein stor stab var knytt til hushaldet, gartneriet og drifta av garden, og fleire av dei tilsette budde på Dalheim. Anlegget er eit svært godt og velbevart norsk døme på tydelege sosiale skilleliner mellom herskap og tilsette i første halvdel av 1900-talet.

Heilskapen og autentisiteten i anlegget gjer at det har høg kunnskaps-, opplevings- og bruksverdi.

Ekteparet Singer si rolle i Olden, kan sjåast i samanheng med straumen av utanlandske turistar til Noreg, særleg til Vestlandet, på slutten av 1800- og første del av 1900-tallet. Mange fekk eit nært forhold til reisemåla sine, og ei rekkje kunstnarar busette seg i landet for å arbeide i korte eller lengre periodar. Anlegget på Dalheim er eit svært godt eksempel på den rolla utanlandske borgarar spela for utviklinga av det norske samfunnet, og korleis impulsane frå internasjonal kunst og kultur blei overført og implementert i ulike samanhengar på denne tida. På Dalheim kommer dette til uttrykk både i arkitektur, interiør og inventar og utomhusanlegg. Måten ekteparet engasjerte seg som viktige bidragsytarar i samfunnet både økonomisk og på andre måtar, har satt varige og verdifulle spor i regionen.

Dalheim har og internasjonal interesse. Ekteparet Singer finansierte blant anna bygginga av The Washington County Museum of Fine Arts, USA (WCMFA) og Singer Laren med museum, teater og skulpturpark ved ekteparet sin villa i Nederland. Dei donerte ein stor del av den betydelege kunstsamlinga si til desse musea. Fleire museum i Bergen, (Vestlandske kunstindustrimuseum og Bergen billedgalleri nå KODE 1), vart også tilgodesett med måleri og gjenstandar i Anna Brugh Singer sitt testament. Dalheim er den einaste av ekteparets bustader som er bevart med interiør, inventar og hageanlegg intakt.

Dalheim er eit unikt kulturminne av nasjonal og internasjonal verdi, og det er viktig at heile eigedomen med både bygningar og hageanlegg vert sikra for ettertida.

## **Tilstand og økonomiske konsekvensar av freding**

Vestland fylkeskommune gjennomførte ei tilstandsvurdering av bygningane 24.10.2019.

### Vurdering av tilstand og økonomi

Ni bygningar er omfatta av fredinga. Tilstandsgraden (TG) for dei enkelte objekta varierer mellom 1 og 2, bortsett frå villaen som på grunn av til dels omfattande lekkasjar og skader i taket har TG 3. Ut i frå gjeldande Norsk Standard EN - NS 16096 vil dette seie at anlegget som heilskap hadde TG 2 pr. 2019.

Riksantikvaren reknar med at det blir behov for større vedlikehaldsarbeid og reparasjonar av bygningane dei næraste åra. Dette arbeidet må gå over tid og finansierast gjennom årlege tilskot innafor rammene for handsaming av dei statlege tilskotsordningane.

### **Riksantikvaren si mynde**

Det følgjer av kulturminnelova § 15 jf. § 22 at departementet kan frede byggverk og anlegg, eller delar av dei, som er av kulturhistorisk eller arkitektonisk verdi. Det følgjer vidare av § 19 at departementet kan frede eit område rundt eit freda kulturminne så langt det er naudsynt for å bevare verknaden av kulturminnet i miljøet eller for å verne vitskaplege interesser som knyter seg til det. Mynde til å fatte vedtak om freding er delegert frå Klima- og miljødepartementet til Riksantikvaren, jf. forskrift 15. februar 2019 nr. 127 om fastsetting av mynde mv. etter kulturminnelova § 2 (4).

### **Lokalisering, eigedomsforhold og status i kommunale arealplanar**

Eigedomen Dalheim ligg i dalsida om lag 500 meter søraust for Olden kyrkje i Olden, Stryn kommune.

Eigar er "Stiftelsen William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers minde".

Eigedomen er regulert til spesialområde bevaring etter plan- og bygningslova § 25 første ledd nr. 6, i «Reguleringsplan for Singerheimen i Olden». Planen blei vedtatt av Stryn kommune i 2006.

### **Forholdet til naturmangfaldlova**

Når kulturmiljøforvaltinga fattar vedtak, skal det samtidig gjerast ei vurdering av om vedtaket kan verke inn på naturmangfaldet. Prinsippa i lov om naturmangfald 19. juni 2009 nr. 100 (naturmangfaldlova) §§ 8 – 12 jf. § 7 skal leggjast til grunn ved offentleg myndigheitsutøving som rører ved naturmangfaldet.

Det er gjort søk i Artsdatabanken sitt Artskart og Miljødirektoratets Naturbase etter sårbare og trua artar samt særleg verneverdige naturtypar.

Det er ikkje registrert sårbare eller trua artar eller særleg verneverdige naturtypar i området som inngår i fredinga. Riksantikvaren vurderer at fredinga av Dalheim ikkje vil kome i konflikt med naturverdiar eller påverke naturmangfaldet i negativ retning.

## **Bakgrunn for fredinga**

Sogn og Fjordane fylkeskommune, no Vestland fylkeskommune, har i mange år hatt ein tett dialog med stiftinga som eig Dalheim. Fylkeskommunen oppnemner to medlemmer til stiftinga sitt styre. Stiftinga har i ei rekkje år fått driftsmidlar frå fylkeskommunen. Fylkeskommunen har vurdert anlegget til å vere eit kulturminne av nasjonal interesse, og etter dialog med eigar og Riksantikvaren blei det i 2019 bestemt å starte opp fredingssak for å bevare dei kulturhistoriske verdiane i anlegget. Framtidig bruk av eigedomen er ikkje avklara, men freding er uansett vurdert å vere den mest hensiktsmessige måten å sikre verdiane i anlegget ved framtidig bruk.

## **Utgreiing om saksgang og innkomne merknader**

### Melding om oppstart

Melding om oppstart av freding blei, i samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 1, sendt til eigar og Stryn kommune i brev av 20.05.2019 samt kunngjort i avisene Fjordingen og Fjordabladet og på heimesidene til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

### Fylkeskommunen sine merknader til melding om oppstart

Det kom inn 20 merknader til varsel om oppstart av freding frå privatpersonar, familie av ekteparet Singer, cruiseturistar og andre. Felles for merknadane er at dei var positive til freding. Mange var opptekne av at anlegget skal bli eit museum og at historia om ekteparet Singer vert vidareformidla. Mange av innspela trakk fram den internasjonale konteksten som eit viktig moment i historia om ekteparet Singer, og dette er og tatt med i formålet med fredinga. Fleire av innspela gav opplysingar om ekteparet Singer, og der dette er relevant for formålet med freding er det er tatt med i dokumentasjonen av anlegget. Statens Vegvesen gav melding om at dei ikkje hadde merknader til meldinga om oppstart av freding.

### Folkemøte i Olden

Det har vært eit stort lokalt engasjement for vidare drift og freding av Dalheim. På bakgrunn av dette arrangerte Sogn og Fjordane fylkeskommune eit ope folkemøte i Olden 15. oktober 2019. Føremålet med møtet var å informere innbyggjarane i kommunen om arbeidet med fredingssaka, eigar sine planar knytt til vidare drift og deira dialog med Musea i Sogn og Fjordane (MISF) om ei mogleg overtaking av drifta av eigedomen. I tillegg ønskte fylkeskommunen å få innspel frå innbyggjarane i Olden om kva dei tenkte rundt ei freding av Dalheim.

### *Vestland fylkeskommune sine kommentarar til innspel på folkemøte*

Deltakarane på møtet viste eit stort engasjement for at Dalheim-anlegget skal takast vare på for framtida. Mange var positive til at det var starta opp ei fredingssak, men meinte at det samstundes er viktig at anlegget er ope for publikum også i framtida. Mange uttrykte ønske om at anlegget vart «eit levande museum», og nokon var opptatt av at det også i framtida skulle vere mogleg å leige selskapslokale på Dalheim. Samstundes var det forståing for at ein ikkje kan fortsetje med den bruken som er der i dag.

Kva bruk anlegget skal ha i framtida, vil vere opp til eigar. Stiftinga er i dialog med Musea i Sogn og Fjordane (MISF) om drifta av anlegget. Ein god balansegang mellom bruk og bevaring er viktig. Fylkeskommunen ser at det er behov for å tenkje alternativt til den drifta som har vore på Dalheim fram til no. Dagens bruk som selskapslokale, fører til at gjenstandane i bygningane vert forringa og kan gå tapt, noko som fører til tap av dei kulturhistoriske verdiane i anlegget.

I framlegg til freding har Vestland fylkeskommune lagt vekt på at ein i føresegner for fredinga gjer det mogeleg å bruke anlegget på ulike måtar, samstundes som det blir tatt omsyn til bevaring av dei kulturhistoriske verdiane i anlegget.

### Utarbeiding av fredingsforslaget

Fylkeskommunen utforma etter møtet eit fredingsforslag som i samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 2 blei sendt på høyring til aktuelle partar 19.12.2019. Samstundes blei det kunngjort i avisene Fjordingen og Fjordabladet og Norsk lysingsblad at fredingsforslaget var lagt ut til offentleg ettersyn i Stryn kommune og i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det blei gitt ein frist på 8 veker frå kunngjeringsdagen til å kome med uttale til forslaget.

### Merknader til forslag om freding

#### 1. Styret i “Stiftelsen William H. Singer Jr’s og Anna Brugh Singers minde”

Styret var positivt til framlegg om freding av Dalheim og viste til eit godt samarbeid med fylkeskommunen i samband med fredingssaka.

Styret viste vidare til dialog med Musea i Sogn og Fjordane og sitt ønske om at musea overtek driftsansvaret for eigedomen. Styret bad om at det blir tatt omsyn til eventuelle innspel frå musea om tilrettelegging for museumsdrift.

Stiftinga uttrykte håp om at eit fredingsvedtak vil bidra til betre formidling, oversikt og bevaring av dei kulturhistoriske verdiane på eigedomen, og at det kan bidra til at nokon av gjenstandane som i dag er ved KODE 1, kan lånast tilbake til eigedomen.

## 2. Musea i Sogn og Fjordane (MISF)

MISF stilte seg bak fylkeskommunen si vurdering av dei kulturhistoriske verdiane i anlegget, slik dei er skildra i fredingsforslaget.

Musea viste til drøftingane som var i gang mellom musea og stiftinga om drift av anlegget. Dei meinte at det ikkje måtte leggest vekt på desse i vurdering av fredinga, då utfallet av drøftingane ikkje er avklara. Musea peika også på at det er identifisert fleire forhold der lokalbefolkninga sine ønske for bruk av eigedomen står i motsetnad til musea sine faglege vurderingar av korleis eigedomen og lause gjenstandar bør forvaltast på ein forsvarleg måte.

MISF sakna ei meir konkret grunngjeving for kvifor fylkeskommunen har vurdert at freding saman med museal drift er den driftsforma som best kan sikre dei kulturhistoriske verdiane på Dalheim. Det var særleg i vurderinga av bruks- og opplevingsverdi MISF meinte at det blei lagt opp til ei vedvarande interessemotsetning mellom eigar og museum. Musea reagerte på at ikkje-museal bruk har vore sett på som vesentleg for vurderinga av bruksverdien, og at opplevingsverdi har vore sterkt framheva som knytt til bruk av staden som rekreasjonsstad og selskapslokale.

MISF peika og på at moglegheita for å søkje fylkeskommunen om tilskot til vedlikehald og istandsetjing har vore retta mot private eigarar av freda bygningar og anlegg, og såleis ikkje gjeld for musea.

## 3. Kontaktgruppa for Singerheimen

Kontaktgruppa såg i utgangspunktet positivt på freding av eigedomen, og hadde forventningar om at dette kan gje grunnlag for eit sterkare engasjement frå offentlege organ med tanke på vern, bruk og utvikling av Dalheim. Gruppa hadde og forventningar om at fredingsprosessen og eit mogleg formalisert samarbeid mellom Dalheim og MISF ville kunne føre til auka aktivitet og utvida bruk av Dalheim.

Eit fredingsvedtak i seg sjølv må ikkje vere til hinder for tenleg bruk av anlegget og for ei drift som kan gje inntekter til eigedomen. I denne samanhengen var kontaktgruppa særleg oppteken av tilbod for besøkande, som serviceskranke med sal av suvenirar, kaffi og liknande, utstillingslokale og parkering. I tillegg må det vere mogleg å ha eit tilbod om utleige av selskapslokale i anlegget. Gruppa meinte at det vil vekse fram eit behov for eit servicebygg som kan ivareta desse funksjonane. I den samanhengen viste dei til løysinga med servicebygg ved Borgund stavkyrkje.

Kontaktgruppa oppmoda til at det vart gjort ei ny vurdering av fredingsføresegnene slik at det vil vere mogleg å gjennomføre mindre, innvendige bygningsmessige tilpassingar. Gruppa meinte og at føresegnene var for lite nyanserte sett i samanheng med behov for eit servicebygg i anlegget.

### Fylkeskommunen sine kommentarar til høyringsfråsegnene

1. Kommentar til merknadar frå styret i “Stiftelsen William H. Singer Jr’s og Anna Brugh Singers minde”

Vestland fylkeskommune viser til at det har vore eit godt samarbeid og god dialog med styret i stiftinga. Fylkeskommunen ønsker å vidareføre dette samarbeidet også etter eit vedtak om freding. Stiftinga bad om at musea sine innspel til forslag om freding vert tatt omsyn til, og fylkeskommunen vil i det vidare arbeidet med fredingssaka leggje vekt på merknadane frå MISF.

2. Kommentarar til merknadar frå MISF

Vestland fylkeskommune fann det positivt at MISF var einige i deira vurdering av dei kulturhistoriske verdiane i anlegget på Dalheim.

MISF meinte at det var ei interessemotsetning mellom museal bruk av anlegget og lokalbefolkninga sine ønske om bruk av anlegget. Bakgrunnen for at fylkeskommunen i framlegget om freding hadde tatt med vurderingar knytt til både museal bruk og annan bruk av anlegget, var at den framtidige bruken ikkje var avklart. Fylkeskommunen hadde difor vore nøydd til å ta den eksisterande bruken av eigedomen med i vurderinga.

Kunnskapsverdiane i anlegget har vore tillagt mest vekt frå fylkeskommunen si side. Opplevings- og bruksverdiane er sett på som tilleggsverdiar. Bevaring av anlegget sin verdi som kjelde til kunnskap om ekteparet Singer og Dalheim har vore avgjerande for føremålet med fredinga. Fylkeskommunen har sett at det kan vere at dette momentet ikkje har komme tydeleg nok fram i forslag om freding. Fylkeskommunen ville derfor gå gjennom forslaget på nytt og vurdere endringar, slik at det vert tydelegare at det er kunnskapsverdiane i anlegget som er tillagt mest vekt.

MISF etterspurde grunngeving for kvifor fylkeskommunen har vurdert at ei freding saman med museal drift av eigedomen som den beste løysinga for å ta vare på dei kulturhistoriske verdiane. Forslag om freding må i følge fylkeskommunen ta høgde for ulike formar for drift. Fylkeskommunen har presisert at ei freding av Dalheim vil omfatte hagen, bygningane og større laust inventar, jf. framlegg om freding. Mindre gjenstandar og kunstverk kan ikkje omfattast av ei freding etter kulturminnelova. Samstundes representerer desse ein stor kulturhistorisk verdi

som det er viktig å bevare i anlegget. På bakgrunn av dette er det fylkeskommunen si vurdering at ei museal drift av egedomen vil vere best eigna til å ta vare på dei gjenstandane som ikkje kan omfattast av fredingsvedtaket. Ein kombinasjon mellom freding av hage, bygningar og større lause gjenstandar og museal drift som tek vare på dei mindre gjenstandane og kunstverka, vil såleis etter fylkeskommunens vurdering gje eit godt vern av dei samla kulturhistoriske verdiane i anlegget.

Musea kan søkje Vestland fylkeskommune om tilskott til freda bygningar og anlegg som er i deira eige og som står på opphavleg plass. Tilskotsordningar i statsbudsjettet regulerer dette.

### 3. Kommenterarar til merknadar frå “Kontaktgruppa for Singerheimen”

Vestland fylkeskommune var einig med Kontaktgruppa i at det er ønskeleg med auka aktivitet og bruk av anlegget, men gjorde merksam på at formålet med eit fredingsvedtak er å ta vare på dei kulturhistoriske verdiane i anlegget i eit langsiktig perspektiv. Det er viktig å finne ein god balanse mellom tilpassing av bygningane til bruk og vern av dei kulturhistoriske verdiane. Eit fredingsvedtak omfattar berre dei fysiske kulturminna. Det har ikkje vore lagt føringar knytt til bruk av anlegget i forslaget om freding. Kva bruk anlegget skal ha, vil vere opp til eigar å bestemme.

Dalheim er regulert til bevaring i medhald av plan- og bygningslova. Forslaget om freding etter kulturminnelova vil slik det ligg føre, vere ei utviding av det eksisterande vernet som ikkje omfattar interiør, større laust inventar eller forbod mot oppføring av nye bygningar på egedomen. Kontaktgruppa har foreslått at eit punkt i fredingsføresegnene nyanserast. Fylkeskommunen har i sitt forslag om freding av villaen valt ut nokre rom som ikkje skal omfattast av fredinga. Dette vil gje eigar ein viss fleksibilitet knytt til bruken av hovudhuset. Mindre endringar kan handsamast som dispensasjon frå vedtak om freding.

Kontaktgruppa tok og opp behovet for eit nytt servicebygg som argument for å endre eit punkt i forslaget til fredingsføresegner. Fylkeskommunen har vurdert spørsmålet om oppføring av nybygg på egedomen tidlegare. Eit nytt bygg vil vere eit framandelement i tunet og fylkeskommunen har sett det som uheldig for bevaringa av dei kulturhistoriske verdiane. Fylkeskommunen har og tidlegare peika på at ein ved å bygge opp att eksteriørkopiar av til dømes drivhusa og ishuset, vil kunne få til nye funksjonar og ny bruk av anlegget utan at dei kulturhistoriske verdiane vert forringa.

Kontaktgruppa viste til bygging av servicesenter til Borgund stavkyrkje som døme på eit moderne servicebygg reist nær eit verdifullt kulturminne. Eit nytt servicebygg med ein tilsvarende avstand til bygningane på Dalheim kan ifølgje fylkeskommunen vere ei god løysing, altså med ei plassering utanfor området som er foreslått freda.

### Vedtak i Stryn kommunestyre

Med heimel i kulturminnelova § 22 nr. 3 skal forslag om freding leggjast fram for kommunestyret før vedtak om freding vert fatta. Fredingsforslaget med innkomne fråsegner og fylkeskommunen sine kommentarar til merknadene vart sendt til kommunen i brev 13.03.2020. Kommunestyret handsama saka i møte 14.05.2020 (sak 061/20) og fatta følgande vedtak:

«Kommunedirektøren tilrår å støtte fylkeskommunen sitt framlegg til freding av Dalheim/Singerheimen, gb.nr. 86/27, i medhald av Lov om kulturminne §§ 15 og 19.»

### Vedtak i hovudutval for kultur, idrett og integrering, Vestland fylkeskommune

Det endelege forslaget om freding vart handsama i hovudutval for kultur, idrett og integrering som sak 92/20 i møte 04.06.2020.

Vedtak:

1. Hovudutvalet er positive til framlegg om freding av Dalheim/Singerheimen i Stryn kommune.
2. Vestland fylkeskommune sender forslaget om freding over til Riksantikvaren, og ber om at det vert gjort vedtak om freding av anlegget i medhald av Lov om kulturminne §§ 15 og 19.

### **Riksantikvaren si handsaming av forslaget og avgrensa høyring**

Riksantikvaren fekk tilsendt forslag frå Vestland fylkeskommune om freding av Dalheim i brev datert 09.06.2020. Ved handsaminga av forslaget vart det tydeleg at det ikkje var samsvar mellom den kulturhistoriske verdien av hagen som eit heilskapleg anlegg og forslaget om freding berre av enkeltelement i hagen. Riksantikvaren meiner at hagen er eit heilskapleg anlegg med sjølvstendig kulturhistorisk verdi og bør fredast etter § 15. Dette er årsaka til at fredingsforslaget blei sendt ut på ny avgrensa høyring til eigar 08.06.21. Styret i stiftinga har i si fråsegn datert 07.07.21 ingen merknader til endringane i fredingsforslaget som gjeld hageanlegget.

Stiftinga sendte over kommentarar til lista over større laust inventar som inngår i fredinga, til Vestland fylkeskommune 14.06.21. Lista er retta opp av Riksantikvaren i tråd med merknadane frå stiftinga.



## **Riksantikvaren sine kommentarar**

Alle høyringsfråsegnene er positive til fylkeskommunen sitt forslag til freding av Dalheim. Dette er eit svært godt grunnlag for det framtidige vernet av Dalheim.

Dalheim med bygningar og utomhusareal samt interiør er eit unikt, heilskapleg og autentisk anlegg som representerer ein kombinasjon av fleire arkitektoniske stilartar og byggeskikk med påverknad frå både Noreg, USA og Kontinentet. Dalheim er vidare eit unikt eksempel på eit komplett anlegg med bustad og arbeidsplassar for eigarar og tilsette frå første halvdel av 1900-talet. Det er og eit svært godt eksempel på den nære tilknytninga mange utanlandske turistar og særleg kunstnarar fekk til Noreg på slutten av 1800-talet og på byrjinga av 1900-talet. Anlegget er og viktig i internasjonal samanheng som ekteparet Singer sin bustad og som eit monument over deira mange samfunnsnyttige bidrag. Det er svært viktig at heilskapen i anlegget på Dalheim blir sikra for framtida. Riksantikvaren meiner som følgje av dette, at det er rett å behalde dei fleste formuleringane i føresegnene.

Eigar ønskjer at Musea i Sogn og Fjordane (MISF) overtek drifta av eigedomen. MISF på si side viser til at drøftingane mellom Stiftinga og MISF om dette ikkje er avklart, og ber om at dette ikkje blir tillagt vekt i vurderinga av fredinga. MISF viser og til interessemotsetningar mellom ikkje-museal bruk av eigedomen og museal sikring av dei kulturhistoriske verdiane. Vestland fylkeskommune grunnjev sitt standpunkt om freding med at den framtidige bruken ikkje er avklart, og at freding av Dalheim og museal drift av anlegget vil vere den beste måten å sikre verdiane på.

Riksantikvaren legg til grunn for fredinga at ein først og fremst må sikre dei kulturhistoriske og arkitektoniske verdiane i form av bygningane sine eksteriør og interiør samt hageanlegg og anna utomhusareal som ein heilskap, slik det er heimla i kulturminnelova. Pryd- og nyttehagen har vært og er ein svært viktig og integrert del av anlegget på Dalheim. Hagebruk var svært viktig for ekteparet Singer, og anlegget er eit godt eksempel på Arts & Crafts-rørsla sine ideal og tankesett som også er tydeleg i arkitekturen og interiøra på Dalheim. Hageanlegget som dekte ein stor del av eigedomen, bestod av ulike strukturar og enkeltelement kombinert med plen og areal for nyttehage omkring og mellom bygningane.

Riksantikvaren har vurdert den mest føremålstenlege måten å sikre desse verdiane på og samtidig legge til rette for ei enkel forvaltning av området. Det inneber freding av eit samla område etter kulturminnelova § 15. Den resterande delen av eigedomen vert freda etter kulturminnelova §19 for å sikre verknaden av bygningane og hagen i miljøet og for å beskytte vitskaplege interesser i det samla anlegget.

I tillegg til bygningane sine eksteriør og interiør, er og ein del større laust inventar omfatta av fredinga. Når det gjeld anna laust inventar og kunstverk som ikkje kan fredast etter kulturminnelova, legg Riksantikvaren til grunn at Stiftinga som eigar også vil ta godt vare på dette.

Det er eigar sitt ansvar å ta hand om egedomen som eit freda anlegg. Det vil innebere å finne fram til ein god og tenleg bruk som sikrar verdiane og samtidig gjer desse tilgjengelege for besøkande gjennom formidling og at det på forskjellige måtar blir lagt til rette for oppleving av den autentiske egedomen.

Interiøret i fleire av romma på loftet i villaen og i studioet er endra etter at ekteparet Singer budde på Dalheim. Desse interiøra er ikkje lenger av ein slik karakter at dei har fredingsverdi, og dei er unntatt fredinga, jf. omtale under «Omfanget av fredinga».

Når det gjeld oppføring av nybygg på egedomen, oppfattar Riksantikvaren at nye bygg, med unntak av gjenoppbygging, vil vere framandelement og derfor ikkje vil vere foreinlege med vern av dei kulturhistoriske verdiane på Dalheim. Fylkeskommunen har peika på at ein ved å bygge opp att eksteriørkopiar av til dømes drivhusa og ishuset der dei opphavelg var plassert, vil kunne få til nye funksjonar i anlegget utan at dei kulturhistoriske verdiane vert forringa. Riksantikvaren støttar dette som ei mogleg løysing.

Med unnatak av mindre språklege og tekniske endringar samt eit nytt punkt 6, har Riksantikvaren ikkje funne grunn til å endre på hovudtrekka i fylkeskommunen sitt forslag til fredingsføresegner. Dokumentasjonsvedlegget og tilleggskdokumentasjon av hagen er utarbeida av Vestland fylkeskommune. Riksantikvaren har gjort enkelte mindre endringar i desse.

### **Opplysning om høve til klage og tinglysing**

Det er mogleg å klage på Riksantikvaren sitt fredingsvedtak, jf. forvaltingslova § 28. Ei eventuell klage skal stilast til Klima- og miljødepartementet, men sendast til Riksantikvaren innan tre veker frå fredingsvedtaket er motteke, jf. forvaltingslova § 29.

Fredingsvedtaket vil bli tinglyst av Riksantikvaren i samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 5.

Beste helsing

Hanna K. Geiran  
riksantikvar

Turid Kolstadløyken

## Brevet er elektronisk godkjend

### Vedlegg:

1. Liste m/foto over større, laust inventar (**unnateke offentlegheit**)
2. Dokumentasjonsvedlegg
3. Dalheim/Singerheimen. Tilleggsdokumentasjon av hagen
4. Informasjonsarket «Å eie et freda hus»
5. Dispensasjonsveileder
6. Informasjonsark – 2.2.2. Gamle hager

Kopi til: Stryn kommune, Tonningsgata 4, 6783 STRYN/ Musea i Sogn og Fjordane, Gota 16, 6823 SANDANE/ Klima- og miljødepartementet, Postboks 8013 Dep, 0030 OSLO/ Vestland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN